



Notat

Dato: 22.12.2014
Arkivsak: 2014/860-6
Saksbehandlar: jonsmor

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesdirektør økonomi

Status for handlingsplan forvaltningsrevisjon økonomistyring

Fylkesdirektør økonomi viser til vedtaket fylkestinget gjorde i møte 11. mars 2014, sak PS 15/2014:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Økonomistyring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Fastsetja krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet i avdelingar og underliggjande einingar.
2. Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i Kvalitetssystemet.
3. Utarbeida nærare/konkrete retningsliner for bruk av risikovurderingar på økonomiområdet.
4. Utarbeida mal/rapportformat på tertialrapportane, herunder:
 - a. konkretisera korleis samanhengar mellom «produksjonen»/drifta og den økonomiske situasjonen skal omtalast.
 - b. Krav til utforming av tiltak, oppfølging og måling av effektar
5. Skrifteleggjera/dokumentera dei prinsipp som i dag blir lagt til grunn ved vurdering av om det skal gjennomførast budsjettregulering. I denne samanheng bør det også vurderast om det vil vera tenleg å etablera og dokumentera prinsipp for gjennomføring av administrative lokale budsjettendringar.
6. Kartlegga behov og gjennomføra tiltak for å auka økonomikompetansen hos leiarar og økonomiarbeidarar i fylkeskommunen.
7. Laga ein handlingsplan innan 1.6.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

I notat datert 27.05.2014 har fylkesrådmannen skissert handlingsplan for korleis arbeidet skal følgjast opp i samsvar med punkt 7 i vedtaket. I dette notatet vil fylkesdirektør økonomi gje ein status for arbeidet og plan vidare oppfølging.

Status for handlingsplan for oppfølging av vedtak punkt for punkt

1. Krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet

Rutine for budsjettarbeidet på avdelingar og underliggjande einingar er utarbeida og gjort tilgjengeleg i kvalitetssystemet (rutine er vedlagt dette notatet).

Krav til økonomirapportar frå avdelingane og underliggjande einingar gjennom året må ein sjå i forhold til det som står i punkt 3 og 4 nedanfor.

2. Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i kvalitetssystemet

Dokumentasjon og rutinar innanfor økonomiområdet er lagt inn i kvalitetssystemet kontinuerleg. Dokument i Økonomihandboka er tilgjengeleg i kvalitetssystemet. Dei same dokumenta i Økonomihandboka er også tilgjengeleg via intranettsidene.

3. Retningsliner for bruk av risikovurderingar

Det er i 2014 satt fokus på risikovurderingar innanfor økonomiområdet både i samband med budsjettarbeidet og økonomirapporteringa. I budsjettokumentet for 2015, under innleiinga frå side 12 til 14, er det eit eige underkapittel om risikovurdering. Dei ein skilde avdelingane har kome med innspel til den samla risikovurderinga i budsjettet for 2015.

I tertialrapportane i 2014 er det tatt med eit eige avsnitt om vurdering av risiko for avvik på sentrale budsjettpostar. Disse vurderingane byggjer både på rapportar frå avdelingane og vurderingar gjort av økonomiavdelinga.

4. Mal/rapportformat på tertialrapportane

Fylkesrådmannen har i samband med budsjettarbeidet for 2015 utarbeida avdelingsvise mål og målsetjingar, som er tatt med i budsjettet for 2015.

Økonomiavdelinga er i gang med å oppdatere mal og rapportformat for tertialrapportane der måltal og risikovurdering vert tatt med som faste rapporteringspunkt. Malen og rapportformat skal være klar til fyrste rapportering i 2015. I dei periodiske økonomirapportane skal ein fortelja noko om den økonomiske stoda og risiko for avvik, samt om produksjonen har vore slik som planlagt i budsjettet og korleis ein ligg an i forhold til måla konkretisert i budsjettet.

5. Dokumentasjon av prinsipp for budsjettregulering

Gjennom arbeidet med å oppdatere mal for økonomirapporteringa vil økonomiavdelinga også ta med eit punkt om prinsipp som skal leggest til grunn for vurdering om det skal gjennomførast budsjettregulering. Vi vil parallelt med dette arbeidet oppdatere rutine for budsjettjustering som er ein del av Økonomihandboka. Dette skal være klart før fyrste rapportering i 2015.

6. Tiltak for å auka økonomikompentansen

Økonomiavdelinga og organisasjonsavdelinga held årleg kurs for leiarar og økonomimedarbeidarar i fylkeskommunen. Dette er gjennomført også i 2014. Kursa gjeld rekneskapsføring generelt, og føring av lønskostnader spesielt.

Fylkesrådmannen har sett i gang prosjektet «Førebudd på framtida» der kartlegging av kompetanse er ein faktor som skal gjennomgåast. Fylkesrådmannen viser i denne samanhengen til arbeidet i dette prosjektet.

7. Tidsetjing av handlingsplan

Fylkesrådmannen viser til punkta over. Økonomiavdelinga vil ha eit hovudansvar for at dei siste tiltaka vert gjennomført.

Oppsummering/konklusjon

Fylkesdirektør økonomi meiner administrasjonen er godt i gang med å følgje opp fylkestinget sitt vedtak i møte 11. mars 2014. Fylkesrådmannen vil i løpet av fyrste halvår i 2015 kome med ein sluttrapport i forhold til oppfølging av punkta i vedtaket.

Vedlegg

- 1 Retningslinjer for budsjettarbeidet på avdelingar og underliggjande einingar
- 2 Arbeidsflyt budsjettprosess